

## Notat

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Til:** Fylkesutvalet, møte 2. oktober

**Kopi til:** Hovudutval for samferdsle, møte 1. oktober

### **Fv. 57 Dale - Storehaugen - Status prinsippsak om delvis bompengefinansiering**

I samband med handsaming av FT-sak 57/17 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027 vart det m.a. gjort følgjande vedtak:

*«Det vert sett av kr. 60 mill. til delprosjekt på Fv 57 Dale-Storehaug til delstrekningar i Fjaler og Gaular. Det må reknast på bompengepotensialet på strekninga og førebuast ein bompengesøknad, jamfør samrøystes prinsippvedtak i både Fjaler og Gaular»*

Statens vegvesen har sendt ei førehandsvurdering om delvis bompengefinansiering av fv. 57 Dale – Storehaug til Gaular og Fjaler kommunar i brev av 12.04.2019. Her vart kommunane invitert til å fatta prinsippvedtak i tråd med tilrådinga i førehandsvurderinga.

For ordens skuld vart det òg sendt brev til Askvoll og Førde kommunar der dei vart gitt høve til å gje ei uttale.

Statens vegvesen har i brev datert 18.9.2019 (vedlagt) gitt fylkeskommunen tilbakemelding om resultatet av behandlinga av førehandsvurderinga.

Fjaler har gjort vedtak om at Statens vegvesen kan arbeida vidare med ei konkretisering av finansieringsplanen basert på ein bomstasjon i Fjaler og ein i Gaular. Gaular kommune har sagt nei til bomstasjon i sin kommune.

Fjaler kommune har ikkje teke stilling til om kommunen ønskjer å utgreie eit bompengeplegg med berre ein stasjon i eigen kommune.

Statens vegvesen har i si tilbakemelding sagt at eit opplegg med ein bomstasjon i Fjaler vil gi ein stor belastning for trafikantane sett i høve til kva ein får att av midlar til investeringsprosjekt. Med ein bompengetakst på 60 og 90 kr vil mellom 55-60 pst. av dei innkravde bompengane gå til vegprosjekta. Dette vil i følgje Statens vegvesen ikkje vere eit rasjonelt bompengeplegg.

Fylkesrådmannen ser ut frå vedtaka i kommunane og vurderingane til Statens vegvesen at det ikkje er grunnlag for å gå vidare med arbeidet om ei fagleg utgreiing av bompengesak til Stortinget. Dersom prosessen skal takast vidare må Fjaler kommune ta initiativ til å behandle saka på nytt i kommunen.

Den vidare utbetringa av fv. 57 Dale – Storehaugen med grunnlag i løyvinga i investeringsprogrammet på 60 mill. kr må vurderast av Vestland fylkeskommune.

#### **Dette til orientering.**